



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 21.12.2018  
Vår ref.: 2018/17539-2  
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy  
Tlf: 932 49 179

## Lingalaks AS - Søknad om å endre areal på lokalitet Toska S i Radøy kommune

Hordaland Fylkeskommune sender med dette kopi av søknad dagsett 17.12.2018 frå Lingalaks AS, org. nr. 960900626, om å endre anleggskonfigurasjon på lokalitet 14018 Toska S i Radøy kommune.

Selskapet har i dag løyve til produksjon av 1560 tonn matfisk av laks og aure på lokaliteten, og den er godkjent for eit anlegg med 6 bur og fôrflåte. Det har ikkje vore fisk på lokaliteten sidan april 2011.

Selskapet søker no om å legge ut ein 120-meters ring og fôrflåte litt sør for gammal plassering. Anlegget vil ligge innanfor areal til akvakultur i Radøy sin kommuneplan. Søkar ønskjer å sette ut 100 000 laksesmolt våren 2019, og nyte lokaliteten saman med lokalitetane Jibbersholmane og Toska N til å gjennomføre visning kontinuerleg heile året på Radøy. MOM C-undersøking er tatt, og rapporten vil bli ettersend når den føreligg, i løpet av januar. For ytterlegare informasjon syner vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutredninger (FOR 2017- 06-21-854). Søknaden skal då handsammast etter kap 3 i forskrifta. Fylkeskommunens vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlige verknader for miljø eller samfunn. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort rede for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmynda for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Høyringsparten skal konkretisere kva for forhold som bør opplyst nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Radøy kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjær, i ein periode på fire veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysningsblad og to avisar som er vanleg lest i området (jf. forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjær. Eventuelle merknader frå offentleg utlysing og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarest råd, og seinast innan 3 månader (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Vi ber dykk handsame/vurdere søknaden frå Lingalaks AS etter gjeldande særlover/andre interesser, og returnere uttalen til vårt kontor. Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De kontaktar sakshandsamar Vibeke Lokøy, tlf. 932 49 179 eller e-post til [vibeke.saure.lokoy@hfk.no](mailto:vibeke.saure.lokoy@hfk.no), i Hordaland fylkeskommune.

Beste helsing  
Vibeke Lokøy